


HAUSTBRAGD

EN SAMLING
DIKT OG PROSA



I KOMMISSJON HOS MITTET & CO. - OSLO



HAUSTBRAGD

AV

[Marlene] EMILIE [Strømme]

EN SAMLING DIKT OG PROSA

DE TO FØRSTE DIKT *TIL* EMILIE

DE ØVRIGE DIKT *AV* EMILIE



OSLO
UNIVERSALTRYKKERIET

[1931]

2192

^D
a St 8982h

ix

TIL EMILIE

FRA DIN LÆRERINNE OLUFINE TOLAAS

Mottak her mit ønske om lykke og hell,
så lenge du er her i live!
Jeg dig gratulerer og ønsker dig vel,
at lykkelig rett du må blive!
Gid du må gå frem i det gode;
da vil du bli glad til mode.

Idag er din gebursdag den 17. mai,
den 13. som dig er givet.
Hav takk for din flid og opførsel mot mig,
den tid jeg dig har innformet!
Jeg håper før året er omme,
langt i dine fag du vil komme!

Ja, lev da rett mange og lykkelige år!
Og glade, hyggelige gebursdage!
Gid Gud vil dig skjenke ret hyggelige kår,
og allting ret vel for dig mage!
Gid lenge og lykkelig min kjære
blandt oss her på jord du må være!

TIL FORFATTEREN AV BLÅSYMRA

Hav tusinde takk for Blåsymra du sendte!
På ånden og tonen så godt jeg dig kjendte.

Jeg ser av din Symra du mindes de steder
Emilie nød sine reneste gleder.

I «Nordbygdi» endnu din tanke vil dvæle
blandt venner og kjendte så gjæve og sæle.

Ja, takk for den glede din Symra mig bragte!
Dens blomsterduft deilig ved juletid smakte.

H.

MINNEDRØM

OM HJEMMETS JUL

Kling nu klokke, ring og lokke
frem de varme, høie, rene minder.
Tyss! nu kommer de i sluttet spann!
Ser du søskenflokken travel
vimser om og legger siste hånd?
— Allting færdig, klokken ringer! Det er jul!

Ser du henderne som slutter ringen
om treet, lysende og bugnende av gaver
ifra søskende, fra mor og fader,
og en til far og mor fra alle sammen.
Ser du lyshavet som allting badet!
Hør så sangen og vår fryd og gammen!

Glemt har far og mor sit slit og møie
mitt i kretsen av sin glade barneflokk.
Se det lyse smil i deres øie!
Se de gledestårer mør fra kinnet tok!
Ser du stjernen som i treet's krone lyste?
Tyss! Nu kommer engelen som dig julenatten kysste!

BARNESMIL

FRA SKOLESTUEN

Har du nogensinde kjendt
hvordan barnesmil kan varme?
Hjerte tungt av sorg og harme
barnesmil kan gjøre lett.

Trett og mødig og forsagt,
ofte uten mot og makt.
Møter mig de kjæres smil,
er med ett jeg glad og hvil.

Hver en sky de veirer hen.
Blandt dem blir jeg barn igjen,
kan som barn mot himlen smile,
kan med dem i troen hvile.

Om i livets strid forsagt
tvilen på det godes makt
titt til misshåp mig forleder,
deres tillid sjelen læger.

Gid de fromme, gode små
på det *godes* side må
alltid — alltid fremad ile,
til de kan mot seiren smile!

VED ÅRSSKIFTET

Hvad er det som sindet trykker
i aften når året går ned?
Det er ikke tap og ulykker,
men *alt* som jeg *ugjort* vet.

Hvert kjærlig brev som jeg ikke
fikk skrevet til vennenes rad.
Hver gave jeg ei fikk skikke
til disse som aldri bad.

Hvert ord jeg ikke fikk sagt dem
som trengte oppmuntring og trøst.
Hver tanke som ikke blev lagt frem,
som kunde en gåte løst.

Hver opgave som blev henlagt
og ikke sin løsning fandt.
Den kamp som gjerne blev undlatt
for hvad der er rett og sandt.

Kun dette frimodighet giver
for året — det nye år!
Med ny energi og iver
å vandre i Mesterens spor.

EFTER FERIE

Nu trækker det atter derinne i skolen,
trækker med alle små barneføtter,
kvidrer med alle små barnestemmer,
alle så muntre og blide som solen.
Ja, der ånder det liv og glede,
lat mig komme inn til de kjære små!
Lat deres «krav» jeg søke å møte,
lat mig forsøke deres sjel å forstå!

Foreldre har sendt sine «øienstene»,
sendt dem hit for å lære livet,
få formet hvad Skaperen dem har givet
av evner i sjelene gode og rene.
Vi optar vår gjerning i tillid til Gud,
og stoler på kyndig hjelp ifra «Oven».
Vil ærlig, tålmodig vi holde ut,
vil faderen selv signe gaven.

Derinne er liv, når jeg har fortalt,
da høres der ofte den gladeste latter:
Fortell å fortell det atter!
Fortell oss mer! Å, så si det alt!

Da vi sat sammen, så gjerne de hørte
om Jesus som frelser jeg vet de forstod det;
ti hjertene bevet glade og rørte
ved det edleste, høieste gode.

Minnene legger sig mykt om sinnet!
Minnet om alle de lyttende ører,
minnet om alle de strålende øine,
når sjelene fatter den sandhet de hører.
Å, et hav av blide minner
om barneprat og om barneglede!
Og om hver lille seir de vinner,
disse lyse, gode barnesjele!

En gang, når siste ferie kommer,
når jeg ei mer skal høre dem synge.
Når *aldri* jeg atter skal begynne,
når den kjære gjerning for alltid er slut.
Til da vil minnenes bok jeg gjemme;
den skal *gjøre min ensomhet lys*.
Sæl den som i sene høst kan fornemme
den tro tjeners liflige trøst!

TILEGNET FRU I. M.

Den skilsmisens time er tung for det hjerte
som elsker sin ven.
Men minnene dufter så lint over smerte
og kaller så frem,
det håp som kan bygge på gjensynets hygge
og renhet hos Gud
for elskende mann og hans brud.

Du eide hans ungdom, hans manndom
og senere hele hans liv.
Du lindret hans smerte og delte hans sorger
som kjærligste viv.
Nu går du og sørger for byrden blev avtat
som var dig så kjær,
og du får ei ofre dig mer.

Om legemets lenker engang måtte briste,
ser ånden her ned.
Om vi her i livet må skilsmisse friste,
de følge vårt fjed!
Og ånden i kjærlighet kjenner vår lengsel
og sender sin Gud
en bøn for sin elskede brud.

ANNA RIKHEIM

VED BÅREN

Hvil under blomsterdekket,
du blomst i livets vår!
kun engle må dig vekke
til gledens jubelår.
Du var en knopp av våren
som livet elske må.
Men han som valgte båren,
ser det ei vi forstå.

Med vemodsfylte hjerter,
farvel! et inderlig!
Det farvel som oss smerter,
Gud signe vil for dig!
Og dig i skjønnhet klæde,
du blomst i livets vår,
og gi dig livets glede,
i Herrens Jubelår!

22/11—18.

EN MINNEKRANS

Det store billed på veggen
er pyntet med grønt idag.
På denne måten blev det,
de to fikk sitt sølvbryllupslag.

Alene i stuen hun sitter,
og tanken er tung og sår.
Kan hende, den streifer tilbake
de nogen og tyve år.

Minnes hun dengang hun lagde
sitt hode trygg til hans arm,
mens hjertet det jublet sin lovsang
til Gud fra en glødende barm.

Minnes de herlige dage,
i det trofaste arbeidslag,
da hjertene sammen vokset
mer inderlig dag for dag.

Og allting eiedes sammen;
den minste tanke blev delt.
I sorg som i glede og medgang
hjertene åpnet sig helt.

Minnes ham trett og besværet
tålmodig å bære det slag
å bli «avdømt» med livet
midt i sin beste dag.

Minnes hans takk da hun prøvde
å lindre om tidt det blev smått:
«Gud evigen dig velsigne!
Du gjør det bestandig så godt!»

Og da til farvel han stammet:
«Gud Fader styrke dig giv!
Jeg vil i min grav dig velsigne
for hvert minut av vårt liv!»

Billedet henne på veggen,
det synes å smile idag.
Og minnerne det er hans hilsen.
Det blev deres sølvbryllupslag.

Hun synes han hvisker deroppe:
«Min glede kan aldri bli hel,
før atter vi to er forenet.
Men *da* blir evig jeg sæl!»

SOLSTRÅLER

Den stod i margen i bladet,
en hilsen så varm og så øm.
Det stod: «fra ungdomsvennen».
Det lyder mest som en deilig drøm.

Snart femti år er ledne
siden det bånd blev knyttet
et bånd av de edleste, ærligste rene
som navnet vennskap benyttet.

Men vennene tidlig skilltes;
hver fant sin opgave, sin vei,
med høistemte lengsler og hugmål,
mens lagnaden «somtids» sa nei.

Ja, solskinn og regn det er grovær
til yrke og modning i ensomme år.
Mens gleden kan løfte og høine,
kun helten kan smile til sår.

Nu minnenes harpe gir flertonig klang,
mens solstreif og stjernelys letter min gang.
Velsignede alfer som solstråler sendte!
Den siste en hilsen i bladets rand.

TANKER VED 60-ARET

Tiden iler som en strøm,
aldri kan den være stille!
Den har og i mig en tøm,
jeg må følge uten vilje.
Om jeg ofte ønsket hvile
må jeg alltid, alltid ile.

Barndomsdal jeg fór forbi.
Herre Gud hvor den var vakker!
Den som kunde der få bli!
Men «den gamle» tømme trekker:
Ile må du hele tiden!
Drømme kan du gjøre siden.

Ungdomsland med skog og strand,
utrådt vei i håpets farver.
Solskinn, skygger hånd i hånd,
smil og tårer gjennom larmen.
Øiet lyser, barmen bruser,
full av småtroll skogen suser.

Om enn illusjoner brast,
ile må du hele tiden,
stanse ei, men holde fast.
— Drømme kan du gjøre siden —
finne målet mellom skygger
der hvor sandhet evig bygger.

Om du sent i manndomsår
ser på hvert et trin du vandret
kan du med en tanke sår
ønske titt din kurs forandret.
Må på knudret vei du haste,
håpet er det ene faste.

Når du når et bedre land,
trenger du ei mere ile.
Gled dig dertil, om du kan
at du evig der får hvile,
høste som du her fikk håpe,
tidens ophav evig love!

MINNE

Femti år!! Tankene tilbake går
til det kjære gamle Veøy.
Minnene vil aldri døy!
Der i rader to vi stod,
gutter, jenter from og god
og alt, hvad gamle Arnel oss lærte
åpen vei fant til vårt hjerte.
Og vi lovte alltid være
god mot alle, Gud å ære.
I vårt hjertes lengsel varm
gav vi løftet som forplikter,
bad at aldri vi det svikter,
elske Gud og far og mor,
alle andre som vår bror.
Hyse engler i vår barm.

Om vi er «spredt for alle vinde»,
tanken, minnet det kan binde.
Femti år en møisom vandring.
Men Vår Herres arm er sterk!
Alltid var en god forandring
ikke vårt men Herrens verk.
Med kjærlig hilsen til «begge rader»
minnes jeg Veøy vår «Hellige øy».
Den vil i minnet aldri døy.
For alt vi takker vår alles fader!

LIVSMAL

Søk ikke høit til fjells, om du vil himlen fange.
Men grav dig kun en dam i daler dype, trange.
Da skal du snart få se, at du får fatt på himlen,
og merk dig: Efter regn mest lyser stjernevrmlen.

Søk ei på vidden ut, om du vil lykke finne,
er du ei dertil skapt, du mishåp kun vil vinne;
men vær en ryddeplog her hjemme i din stue,
grav slemme røtter ut, velt sten og jevn hver tue.

Og dem så op en dam, der himlen sig kan speile.
Dem dammen i din barm, hvor englebarn kan seile.
La bekkens klare strøm ifra Guds eget hjerte
få avløp til ditt bryst, da lindres hver en smerte.

Fra et eventyrbillede:

Noen barn som vilde nå himlen fra en
fjelltopp, men efter skuffelsen laget en
dam nede i dalen og overraskedes med
stjernehimmlen i dammen.

TIL MIN PIKE

Jul i hjertet, jul i stuen,
hele huset inntil gruen.
Alt er rent og alt er pusset;
julehygge over hele huset.
Om ei annet dig blev givet
for de tusen skridt du gikk,
og fordi du aldri griner,
kveler hyggen ei med sure miner.
Gud dog signe hvert ditt fjed i livet!

MOT NAG

TIL DEN TUNGLYNDE GUTEN

TONE: DUMBJOLLEKLINGEN PÅ GLÅMA

Gjævaste gut, eg beder deg:
Gakk ikkje der og anka!
Legg ikkje berre stein i din veg,
der som du sjølv skal vanka.

Grav deg kje ned i det som gjer vondt,
sjå heller *upp* og smila!
Himlen er høg med stjernor rundt;
det kann gje hugen kvila.

Her er so mykje vænt og nett, —
sjå berre rundt ikring deg!
Sjå berre på kvar knupp som sprett!
Liv — det vil vara ævleg.

Sjå so å henta fram eit grand
av det våre store melder:
«Viljen, den berer upp og fram.
Viljen er det, det gjelder».

Vart du so stor i hugvarme, du,
som du er i å anka,
kunde du bygga himmelbru
med dine sterke tankar.

Kvifor då ha so sjukt eit mot,
kvifor i ilska murra?
Tidi ligg for deg lang og god.
Bruk ho, og inkje stura!

Arbeidet det gjev helsebot,
det lækjer sjælesotti.
Det kann deg gjera glad og god
heilt inn i hjarteroti.

Norna.

KRING MINNE ÅT SONGAREN O. G.

No er du burte venen vår!
For all tid burte, du!
Og sagnaden er tung og sår.
Du kunde stade mange år
og gledt so mange, du.

Det vart eit rom so tomt og grått
som aldri fyllast kann.
Eit lynne ljost og klårt og godt!
Var det i gleda eller gråt,
du spreidde fagnad, du.

Du skjemta glad foruten gjøn,
og snar til hjelp du var.
Ditt hjartelag og gode skyn,
det fann seg fram forutan bøn,
og difor *glad* du gav.

No takk for all den væne song,
og for kvar tonestraum,
som gledde oss so mong ein gong
og lyste upp i barmen trong
sælt som ein fager draum.

At alt det gåverike liv
so syrgjelegt vart øydt!
og ingen kunde hjelpa deg
og jamna deg den vrange veg,
um endå hjarto brann.

Som du hev vilja alle vel,
so skipa Gud det no,
di rike and vert glad og sæl!
Gjev Englesong gjer gleda heil!
Det vener bed um no.

MOR SIN MORGONSONG

STONE: DER VAR EN GANG EN LITEN PUS

At arbeid det hev helsebot
det kann du gjerne tru.

:/: Det kan deg gjera glad og god.
Ja berre prøv det, du! :/:

Um du har nokosinne prøvt
å røkkehjulet snu;

:/: du sit der i di stova høgt
og byrge som ei brud. :/:

Då syng du med du takten trør
um liv og kjærleik rein.

:/: Og aldri du um tidi spyrr,
fyr mannen din kjem heim. :/:

Men når du sit i veven din,
og du har spolar nok,

:/: og skyttelen går fort som vind,
du klæd din heile flokk. :/:

Før klippa kann du og, og sy,
det lærde du av mor.

:/: Og du hev mykje vakkert ty;
for veven den vart stor. :/:

Å du, å du, so gildt det er
å spøta sokkar tvo!
:/: Og tenkja på dei kjære bein
som skal bli varm og god! :/:

Og lika hugallt må du tru
det er å sjortor sy.
:/: Eg synes sjå den gilde gut,
kor han vert glad og tyd. :/:

Når so i hagen allting gror
som grønt og etand er,
:/: og blomerader stend i flor,
og buskar full med bær. :/:

Og du kann ned i hagen gå
og plukka frugti av
:/: og dela ut til store, små
det deg Vorherre gav. :/:

På kjøkenet so kvik og glad
ditt arbeid du får gjort.
:/: Du bakar, kòkar sjòlv din mat,
og det båd' godt og fort. :/:

Og ber du gode maten inn
i stova ljøs og rein,
:/: då smiler sæle guten din:
«Å du, her er min heim!» :/:

DU GLØYMDE Å TAKKA

Eg vaks upp i heimen hjå far og ho mor,
fekk læra so mykje, vart sjølygod og stor.
Han far, han var snild, og ho mor var so gild!
Dei vona at eg i mit lynne vart mild.

Og vener — veninder i hopar eg fann;
og kveldsol som morgosol lyste um land,
og himmel og jordi var fager og ny,
med stjerner som blakra i morgongry.

Men rettno nymåne på himmelen kom,
og mangt her i livet det vende seg um.
Og vonerne, livsmodet, alt gjekk i kav,
som elvi, ho driv mot eit frådande hav.

Og burte var både ho mor og han far.
Den sorgi i hjartet meg brende og skar.
Og venerne kvarv burt som vatn og eld;
kvi kunde i hugen ein då verta mild?

Og håret det gråna og håret fallt av,
med venen, ein heldt av, han gjekk i si grav.
Men då var det noko eg tenkte på straks:
«Du gløynde å takka den gong då det vaks.

Du gløynde å takka for fagnad i grend.
Du gløynde å takka for hugnad ved ven.
Du gløynde at takki gjer gleda vår rein;
difor sku du takka med soli ho skein.

No takkar du, berre at inkje du frys,
um ofta du ynskjer at søyla vart is.
No sist fær du læra å takka for deg,
at motburden bar deg på tryggare veg.»

PA FERDI

Gud Fader han styrer nok ferdi
åt borni som fylgjer hans steg.
Han slepper dei aldri i verdi,
so lenge dei timjar hans veg.

Han førar på ukjende stiar
han lyser og støar vår gang,
tross sorger og kamp, fram til siger
og glæde, um dagen vert lang.

Takk, Gud at mi sjæl seg fekk lauga
i kjærleiken din på min veg!
Lat so for mitt døyande auga
det lysa ei stråla frå deg!



HAUST

«Bjerk og asp og older, de feldte hvert et blad og klaget sig at sommeren var omme», syng dei. Men den sumar og haust her skal forteljast um, klaga dei at det ingen sumar hev vore, berre nokre varme dagar kring jonsok. Juli og august berre regn, regn og drypp, drypp frå hustaki og drypp frå trei. Stilla og regn, dag og natt eit ævlegt drypp, dryppe, drypp! So gjeng august inn til federne sine med ei tvo-tri av dei siste dagene sine med berre regn, utruleg sturtregn. Glåma steig fleire meter i høgdi og førde velduge vatsmassor med seg.

Opstadåi går i vanlege tider — frå Storsjø, Nord-Odal og kjem i Glåma ved Skarnes, Sør-Odal. Men i flaumtidi gjer ho vendereisa — gjeng attende frå Glåma til Storsjø. Glåma vert fylt av vatnet frå snøsmeltinga ned gjenom Austerdalen. Difor vert ho so høg at ho fyller Opstadåi der ho kjem ut i Glåma. Og flat som dalen der ligg, gjer difor åi vendereisa attende til Storsjø. På denne reisa umdaner ho Opstadbakken til eit livlegt landskap, med småe og større innsjøar, der ein kann få seg ein rotur med fising inn over vollane millom tre og buskor. Skade gjer vatnet — vårflaumane —

umlag aldri; det kjem stilt og går att mest lika stilt som det kom. Det let berre etter seg nokro småe eventyr: Ein båt attmed stovedøra, ein fisk inne i ein bakaromn; han hadde kje hatt «vit til å venda». Ein fiskyngelfangst i kjellaren eller attum husveggen, og annet som flyta kann.

Sume huslyder må den tidi flytta ut frå heimane sine med folk og fenad, den tid vatnet vert brydsamt nærgående. Ein gamal ungar var so heimekjær, at det hende han budde i stova si til des at vatnet stod so høgt upp på golvet, at han berre kunde springa utor sengi og fram på golvet og taka seg eit bad. Roturar utover vollane, millom tre og buskor og millom husi er den tid vanlege eventyrferder.

Ikkje rett so morosamt er det for di dampbåtane som gjeng i ruta Nord-Odal—Skarnes, når fløtarane tappar inn i åi ei femti tusund tylvter tymbber. Då vert det ein hard kamp millom båtkarane og tymbberstokkane. Vert det for trongt, reiser stokkane seg ende upp og vil gjeva hine ein under øyro. Men, um ein stundom må bøgja unda, vinn alltid den klokaste yvertaket. Og båtane og båtkarane kjem alltid fram i rimeleg tid.

— — — Ein familie busette seg tidleg ein vår i Størjebygd. Dei kom frå ei sjøbygd og sakna her vatn. Der ligg ei stor myr nedst i grendi, og dei ynskte det skulde vore vatn, der myri låg. Ein vän maimorgo vart dei fegne; der lå det ein heil sjø, der det fyrr var myr. Han låg der utsend frå Storsjø gjenom ei av dei lange armane hans. Og no var der ei livleg vyrking med fisking og tymbber-

fløyting ei tid, til det altihop ein vakker dag vart burte att, nett lika stilt som det kom.

Desse flaumane er ingi ulukka. Dei er årvisse, og ein lyt ordna seg etter dei med såing og setjing; og sumarsoli syrgjer jamnast for at alt vert ferdig og moge den rette tidi. — —


— — — Men eit år minnest me umframt alle hine. Då fekk me haustflom, den det ikkje hadde vore maken til sidan året 1860. Det året var det og uår, ivissa på desse kantar. — — —

Dei venta i det lengste med slåttonni i von um høyver. Men so kom vatnet, fløyndé over dei uslegne som dei slegne engjer. Såtene burtetter som stod og hukte og venta på sol eller i det mindste ein vingufs, dei vart fleire stader vaska ut over vatnet. Dei som vilde freista å berga sitt, måtte ut i båter og fløyta høyet av den blanke vollen.

Havreåkrane som stod og stønde etter sol for å kunne vinna fram den ynskjelege gule fargen, fekk seg berre eit kaldt bad. — — —

— — — — —
Som vederlag for ein våt sumar kom september med klår himmel og rein luft, rein etter alt regnet, ikkje eit støygrand og mest ikkje ein mygg. Sol um dagen og stjerner um natti, og heile naturen i sin fargerikaste og fagraste bunad. Ei herleg tid for den som ingi velferd hev utandørs. Men den grøne havren utetter bygdí gruste og fraus. — — Og bonden kann ikkje frygda seg ved det fagre i dei livlege haustfargane, når det som skal fylla låven hans, ikkje hev fenge den rette liten. — —

Men den som suterne ikkje hev teke *for* hardt på, kann verta lukkeleg berre ved å minnast so fager ei tid som denne september (1902). Og vist du i eit liknande høve tek deg ein tur på «Varden», so fær du vita det som du, kann henda, ikkje fyrr hev



SKARNES


full greia på: At Odalen er ei fager bygd! Du vert gripen av all vänleik denne fagre grendi eig. «Og det vil hviske i hjertet ditt, ånei, ånei, å er dette mitt!»

Eit herlegt utsyn! Gjennom heile bygdi ligg elvane som velduge sylvbelte med gyldte kantar av lauvtre på kvar sida. — — Ein djupblå stjernestrødd septemberhimmel. lauvtunge tre med vatn ikring. Trei og husi på hovudet i vatsspegelen.

Lengst inne i dalsøkket ligg Nord-Odal lunt kring dei ymse nes og bugter av Storsjø. I sud stre-

kjer sjøen sine lange, blanke armar utover mot Opstadbakken. Dei vane velstelte gardane langsmed Åi og millom dei ymse bugtningar, dei ligg — i den solfylde lufti — i eit einaste smil. Ein lyt sanne med Gunnar: «Fagert er landet!»

I aust, der Glåma kjem breid og mektig, opnar




FYLKESSKOLEN, SKARNES

ho utsynet til hovudsoknet, Strøm si fagre grend. Lenger sudvest, der elvi bøgjer kring neset, ligg den vane huskrull Skarnes. Høgt framme på neset ser ein den store fylkesskulegarden. Han syner seg høgt over dei hine som den som skal «bringe lys over dalen».

Vane velstelte hagar ved mest kvar heim, og ikring ymse lauvtre.

Bjørki, rein og yndeleg, kiedd i gullgul bunad, teiknar seg mot ein endelaus blå himmel, med ho speglar seg i vatnet og laugar seg i solgull, so det

dryss med diamantperlor, då rimfrosten frå natti brænast. Rogni i djupe raudbrune fløyelsmjuke far-ger, med kruna tung av mogne fruktklasar, veiftar trøystande til *Ospi* som skjelv med ho ventar at vin-teren skal koma.



SAND, NORD-ODAL

Stilt er vatnet, klår er himmelen. Han let seg famna av kvar ei bukt i elv og sjø. Himmel over ein, og himmel ikring ein! — — Ein skulde kje tru, det kunde finnast noko vondt, sårt eller sorgsamt. Stjernorne veifta og smiler, men vatnet gjeng sin eigen veg, um endå ingen ansar det; havet dreg. — — Ein gjev heller ikkje ans på korleis bjerki sine blad stilt fell ikring kvar sin stoman, fell for å verta dekt og gøynd. — Og ein drøymer ikkje um kor

herlegt det vilde vera å kunne falla stilt, verta dekt
og gøymd og kunne kvila, kvila inntil vonernes store
vårmorgon.

BERRE RØSLYNG

Då Gud skapte alt voksterliv, sa han til blomane, lyngen, graset og trei «gakk!»

Alle prøvde dei då å finna den beste vekseplassen for seg. Alle vilde dei gjerne veksa, vigjast og syna seg. Difor gjekk kvar til det stellet dei fann den mest høvelege voksterjordi. Nokre av dei største og av dei vænaste drog åt sudlandi, der lufti er linn og jordbotnen rik. Alle fann dei ut den beste plassen for seg. Her heime sette bjørki seg til i lidi, fura på moi, der soli slapp best til. Grani letta på stakken og drog seg unda inn i dei stille djupe dalar, der ho fann vatn til sin turre merg og bork. Og so framleies. Gras og blomer vimsa rundt alle stader. Tilsist stod berre røslyngen att, stod der einsam og gruvla. «Kvi gjeng ikkje du med dei hine?» sa Vårherre. «Orsaka meg!» sa han, han blygdest og bøygde seg, so han vart krokut. «Eg vilde berre venta og sjå um det var nokon stad, der ingen vilde gå, og no ser eg der langt uppe i nord og der ute langs med havet, der ligg heiar og fjell, bergbygde øyar og holmar. Må eg få ganga dit? Eg vil laga jord der, so kann hende andre vokstrar kjem etter og finn livemåte der».

Vårherre tykte denne tanken åt røslyngen var so væn at han kjende elskhug til han i hjartet sitt. — — Det er, kann hende, med han som med borni hans, han fær samkjensla der han finn hjartegull. — — Difor bøygde han sg ned til han, kyste han og sa: «Gakk med signing!»


Men med dette kysset kom det fram tusund små blåe augo på dei harde, krøkte kvistene. Dei bar himmelfargen, men raudna av røslyngen sin viljeeld.


Han stavra og drog seg upp på heiene og ut til øygarden i havrandi, tok til med sitt, vov eit grønt åklæde yver berg og grus og blømde seg varm med millioner småe fiofraude augo. Ser han ein snau bergbygd holme, so veit han sin børt, og fyrr ein veit ordet av, so laver røslyngen over det heile. Det er mangein hard strid med storm og sjødriv. Men han veit kva det gjeld, og heldt ut til kampen ofta gjer han sturen og gamall. So kjem dei med eld og segjer han må nyast upp. — Han brenn i alle sine kvister; men viljen sit att i roti. Og so stend han der att lika grøn og takkar for livet med ein væn blomekrans.

Dei hine blomane som blåklokka, «Ijose nat og dag», smørblom, storkeneb og alle dei som fann seg lageleg jord, dei stend der smilande og vimser, leiker og dansar i sol og vind. — — —

Men røslyngen strevar med sitt, han; han vil laga jord åt god vokster. Tru som han er, skjelv han ikkje so hardt, um enda hauststormane kjem herjande yver viddi med vinter og kulde. Han set seg til og drøymer um den tidi han *fekk* veva, og buer seg til ei ny, større verksemd. Og um han vert skilt

frå roti og sett i stova, blømer han framleides utan
å stura. — Spør rosa og dei hine «dronningblo-
mane» han, kvi *han* hev so seigt eit liv, svarar han
med eit lint smil: «Den som Vårherre fær kyssa,
han døyr ikkje!»





Depotbiblioteket



76g1 50 060

lie
1931
1